



Alver kommune Teknisk Forvaltning og Drift
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15069 - 20/57645

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
15.09.2020

Ferdigattest fortau med leidningar og mur - gbnr 323/526 Frekhaug

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 958/20

Tiltakshavar:

Alver kommune

Ansvarleg søkjar:

Norconsult AS, VA-seksjon

Søknadstype:

Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for etablering av fortau med plassering av vass- og avlaupsleidningar samt bygging mur på gbnr 323/526.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.03.2019 og 28.06.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.09.2020.

Skildring

Adresse:	Mjåtveitvegen
Bygningstiltak:	Fortau, vass- og avlaupsleidningar og mur

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15069

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Teknisk Forvaltning og Drift	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA